

Alle kommunar i Hordaland
v/ ordførar
v/ rådmann

Dato: 30.11.2017
Vår ref.: 2014/13889-86
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Trafikksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet 2018 – søknadsfrist 1. mars

Bakgrunn og forankring av Trafikksikker kommune

Prosjektet Trafikksikker kommune er etablert av Trygg Trafikk, og er eit viktig tiltak både i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2018-2021* og *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*.

For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafikksikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafikksikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert godkjent som trafikksikker kommune. Det er lagt opp til at Hordaland fylkeskommune skal minimum ha godkjent tre nye kommunar i kommande fireårsperiode. Målet for Noreg totalt sett er at 125 kommunar er trafikksikre kommunar innan 2021.

Prosjektet sitt innhald og mål er å godkjenne kommunar til å verte klassifisert som trafikksikker kommune. Godkjenninga varer i 3 år. For å kunne verte godkjent må ein kunne oppfylle eit sett kriteria som er omfattande og femnar bredt i alle ledd i organisasjonen. Kriteria byggjer på gjeldande lovar og forskrifter. Dette går på organisering av arbeidet, oppfølging og ansvarleggjeri innanfor dei ulike sektorane i kommunen, med rådmann og ordførar som øvste ansvarleg. Sjå eiga hefte og nettside (<http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>) for meir informasjon om ordninga.

Trafikksikre kommunar i Hordaland

Hausten 2014 sette Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikksikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal deltok i dette pilotprosjektet. Desse tre kommunane vart alle godkjent innan sommaren 2016.

Hausten 2015 vart alle kommunane i Hordaland invitert til å søkje om å ta del i arbeidet med Trafikksikker kommune, og i 2016 inngjekk Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune intensjonsavtalar med kommunane Bømlo, Kvinnherad og Sund. Bømlo kommune vart godkjent 22. november 2017, og det er venta at kommunane Kvinnherad og Sund vil verte godkjent vinteren 2018.

Nye kommunar inn i arbeidet

Ut frå ovannemnde er det no tid for å invitere fleire kommunar til å setje i gang arbeidet med å verte godkjent som trafikksikker kommune. Dette vert organisert gjennom at kommunane sender inn ein søknad til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

Merk at det er ønskeleg med ei brei forankring i kommunestyre/formannskapet før intensjonsavtalen vert underskriven. Vi er kjend med at fleire kommunar allereie har gjort ei slik forankring gjennom at trafikksikker kommune er ei målsetjing i kommunale trafikksikrings-/folkehelseplanar.

Ei av erfaringane frå dei kommunane som allereie er godkjente er at god forankring internt i kommunen, både politisk og administrativt, er ein stor styrke for å kunne lukkast. Det er eit føremonn om prosjektleiaren i kommunen er ein del av rådmannen sin leiargruppe. Arbeidet krev ei god styring og oppfølging internt hjå kommunen. Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune vil følgje opp kommunane undervegs. Arbeidet vil ta sikte på at kommunane kan godkjennast innan eit år frå oppstart.

Søknadsfrist for kommunane

Kommunar som ønskjer å delta må sende inn ein enkel søknad med grunngjeving til FTU innan 1. mars 2018. FTU vil handsame søknadane på sitt møte 17. april 2018. Avhengig av storleiken på kommunen og noverande status på trafikksikringsarbeidet hjå kommunane vil det mest sannsynleg verte lagt opp til 3-4 nye kommunar i denne runden. Arbeidet inn mot dei utvalde kommunane vil starte opp så snart vedtak er fatta, og det vil verte inngått ein intensjonsavtale, underskrive av kommunen, Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune v/ FTU.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.